Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3. (3. ark) Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Balestrand

Emne: Brynet. Bygdelag: Sogn.

Oppskr. av: A. Skåsheim. Gard: Skåsheim

(adresse): Bergen. G.nr. 5 Br.nr. 1 og 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja - noko.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Noko er samla ymse stader i Sogn.-

SVAR

1. Det vanlege ordet var bryne (eit). å bryna. Hein (ein) var eit fint bryne, som dei brukte å setja upp rakekniven med.

2. Bryne til vanlege leitjarn var av naturstein. Det kunde og finnast bryne av kunstein. Men dei lykte dei lite um. (Dei var ikkje gode.) Brynestein-fjell er ikkje i Balestrand. Bryni kjøpte dei i Bergen. Dei talte um Telemarks-bryne. Kjellar-handlarane i Bergen hadde både ~~ljåde~~ ljåar og bryne.

3. Økser, snidlar og ljåar vart fyrst uppslipte på ein god slipestein. Det var tungt arbeid - på stader der dei ikkje hadde vasskraft til slipesteinen. Der dei vatt slipe-steinen gjekk dei ofte til ein bonde som hadde slipestein i elvi og lånte slipestein til å slipa upp. Dette var serleg fyre slåtten - då dei hadde mange ljåar.

Andre leitjarn vart og slipte - men aldri rakekniven -

1139

4. Bestefar på Skåsheim f. 1814 talte mykje um tynnsleljå. Tynningi, å tynna - vart gjord i smia (ei) med ein tynnsle-hamar. Det vart rekna for hov dugleik å kunna tynna godt. Ofte var røynde husmenn dugande til dette. Elles var det mest vanleg at husbonden sjølv gjorde dette arbeidet. God tynning var av stort verd for sumarvinna. Fyre slipesteinar kom i bruk tynnte dei alle bitjarn. Var sume bitjarn for harde (herde for hardt) lynnte (å lynna) dei deim (hita dei i avlen og ~~lagde~~ let dei kolna seint ~~[illegible]~~) då vart dei mjukare.

Etter det bestefar fortalde 1889-1895 kom slipeljåar i bruk kring midten av 1800 talet - (1850/1860 åri). Då vart tynnsleljår og slipeljår brukte um ein annan.

Tynnslehamaren var noko tung med avlang, flat pik. Slike hamrar var på Skåsheim i 1890 åri. -

Det var stor skilnad på tynnsleljåar og slipeljåar. Slipeljåane var det so mykje betre bit i, so det vart langt lettare å slå. x) -

Tynningi vart gjort på ein vanleg ambolt, og då var det smia på kvar velstyrd gard. Smia vart brukt so mykje at ho vart rekna eldsfårleg - og stod difor langt burte frå tunet.

5 Slipesteinen var so stor og tung at han kunde

Skåsheim

1139

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

ikkje verta teken med på arbeidsteigen. Slipesteinen stod fast anten i tunet, eller i dovi. Var dei langt-borte so dei alltid at dei laut heim og slipa. Dei som slo i utmarki hadde mange ljåar med seg, so dei slapp å slipa heile dagen.

Dei som slo marketeigar som karsstykke tok til svært tidleg um morgonen, og dei hadde ikkje tid å slipa. Difor slipte dei uppo kvelden fyreåt alle dei ljåar – dei trudde dei fekk bruk for – til marketeigt – eller laurdagsslette-slåtten

6. Ljåen brukte dei so lenge han beit – og det kunde vera so ymse – alt etter som slåttekaren var varsam med ljåen og dugande å bryna, um det var lausbeitt eller hardbeitt der han slo, og um marki var rein (fri for småstein, aur, småmaur eller anna som kunde skjemma ljåen, taka bitet burt).

7. Dei brukte lesse steinbryne i Balestrand. –

8. Dei tok langorven laus frå orvet – når dei slipte. Småljåane slipte dei jamnast med orvet på. – Alle ljåar vart

1139
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

uppslipte fyrr dei vart sette på orvet. Alle ljåar vart brynte med orvet på.

9. Langorven støytte dei fast ned i jordi og heldt odden av ljåen imot seg når dei brynte.

Tvihendingar sette dei orvet millom fôtene.

Stuttorven sette dei orvet på låret.

I alt arbeid hadde dei eit godt skyn - eller tame til å taka det soleis som det fall mest lagleg.

10. Brynekodd (ein) brukte dei ikkje på Skårheim. Der var so lett å finna vatn i elv eller grov. Var det heitt let dei det ofte liggja i elvi millom kvar gong dei brynte. Då gav det betre bit i ljåen. På andre gardar der det var meir turrlendt brukte dei brynekodd: eit utborat trestykke eller ein blikk-kodd.

11. Ukjent.

12. Brynekodd har dei på vinstre sida - jamnast. Elles såg det ut til at det var ingen fast skikk med dette.

13. Når dei skulde bryna måtte brynet alltid vera vått. - Dei spytta stundom på det. Men det vart jamnast for lite

1139
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skårheim

vått med det. Um dei kunde stadt dei brynet i reint, rennande vatn. Var det heitt og turt i veret lagde det seg ofte kova på brynet. Då vart det ikkje bit i ljåen. –

14 Ukjennt. –

15 Ukjennt.

16 Ukjennt

17 ukjennt.

18 Ukjennt. Dei hadde ikkje nokor gvertru med brynet.

19. Dei sa ofte "tvi" då dei spytta på brynet. –

Skulde det bita godt eller brynet måtte det vera reint – og beint. Difor skårte dei det ofte på ein plat- grovt stein. Det kalla dei å skura brynet.

Han vart rekna for ein trenevè å bryna den slåttekaren som let det koma halve rundingar i brynet sitt. Då runda han bare ljåen, og det hjelpte ikkje kor mykje han bryntte.

20. Slo dei på hardbeitt-mark (finnskjegg i solskin) sa Ordhage slåttekarar: „Kvass egg til finnskjegg legg" då dei brynte som best. –

Og ein kunde høyra

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

det vart sagt um dei mest dugande karane at dei slo so vel (snaudt) at dei tok alt både „rubb og stubb"! — og stundimn slerkarl: „Rubb og rakande stubb"

Slipingi var dei sers vandsame på. Ljåen skulde slipast gadt — „aott" — (til kvass egg) — og aldri for mykje på kvar sida. Då sleit dei ljåen for mykje, og det kom „ro" i eggi. Då beit ikkje „ljåen. Men med god bryning kunde dei taka roi (ei) burt.

„Sluvven på slåtteteigen" ber kunda bryne og ro i ljåen. — „Herme-yrdnad"

Det var manns ~~ordnad~~ og merke på dugleik at ljåen ~~ljåen~~ sat „stödt og fast" på finst orv — ~~og~~ og var godt slipt. —

A. Skåsheim

12/1 1948

*) 4. Tymsleljåane var meir klumpne, breidare og tyngre enn slipeljåane. Tymsleljåar var på Skåsheim i 1880-åri. —

A. S.

1) Ljåen måtte aldri slarka i tågi (ei) vanleg ei „björketaag". No brukar dei mykje reim til ljåslåg. — A. S.

1139
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING